

Økonomiske, naturmessige, kulturelle og sosiale verdier – korleis vil vi bruke desse i kommunane våre?

Innspelseminar til Regionplan Agder 2030 i samarbeid med Distriktssenteret



23.10 10:00 - 15:30 Revsnes hotell, Setesdalsveien 2031, 4741 Byglandsfjord

Fylkeskommunane på Agder vil i samarbeid med Distriktssenteret gjennomføra ei dagssamling på Revsnes hotell, der målet er å at kommunane og andre samfunnsaktørar på Agder får kunnskapspåfyll og kan koma med innspel rundt temaet verdiskaping og næringsutvikling på Agder mot 2030.

Vi har inngått eit samarbeidet med Distriktssenteret som er eit kompetanseorgan under Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) – sjå www.distriktssenteret.no. I tillegg har vi fått med oss ordførar i Øystre Slidre Kjell Berge Melbybråten som har brei erfaring over mange år med verdiskapingsarbeidet i sin eigen kommune og Valdres-regionen. Dei vil løfte fram problemstillingar med innleiingsforedrag, som vi tek med oss vidare inn i ein cafedialog saman med deltakarane, før vi avsluttar dagen med ein plenumsdiskusjon.

Målgrupper for seminaret er kommunar (politikarar og administrasjon), regionråd, statlege aktørar og andre samfunnsaktørar som jobbar med økonomisk, miljømessig, kulturell og sosial verdiskaping.

Tid: Tysdag, 23. oktober, kl. 10 til 15.30

Sted: [Revsnes hotell](#), Setesdalsveien 2031, 4741 Byglandsfjord

Program

Innleiingsforedraga (kl. 10-12)

Regionplan Agder 2030 – verdiskaping gjennom regionalt samarbeid.

v/ Manuel Birnbrich, prosjektleder Regionplan Agder 2030

Livskraftige lokalsamfunn – tilfeldig og planlagt?

v/ Distriktssenteret

Næringsutvikling og suksessrike distriktskommunar - kva kjenneteiknar kommunar som lukkast best?

v/ Torbjørn Wekre, rådgjevar i Distriktssenteret

Attraktiv bustadutvikling og stadutvikling – når nesten alle byar er for små – kva blir det av småbyen då?

v/ Trude Risnes, rådgjevar i Distriktssenteret

Verdiskaping i ditt lokalsamfunn - korleis lukkast i lag gjennom samspel mellom dei ulike verdiskapingsformene?

v/ Roar Werner Vangnes, rådgjevar i Distriktssenteret

Korleis samarbeide for å styrke verdiskapinga? – eksempel frå valdresregionen.

v/ ordførar i Øystre Slidre Kjell Melbybråten

Likestilling og verdiskaping

v/Bent Sigmund Olsen, prosjektmedarbeider "Likestilt arbeidsliv", Aust-Agder fylkeskommune og Vest-Agder fylkeskommune

Lunsj fra kl. 12

Kl. 13-15.15: Diskusjon rundt borda og i plenum

Oppsummering og avslutning



AUST-AGDER
FYLKESKOMMUNE



Vest-Agder
fylkeskommune



Distriktsenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

